

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/17	Kommunestyret	PS	26.04.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - M90, FE - 144, HistSak - 10/1275	16/1019

### Godkjenning av Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune

#### Vedlegg

Uttale til kommuneplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune 2017 - 2027

Merknad til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027

Søknad om tilkobling til kommunalt vatn til Førland/Førlandsvågen

Underteikna liste over de som er interessert i utbygging av kommunalt vatn til

Førland/Førlandsvågen

Merknader til offentlig ettersyn - Kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune 2017 - 2027

Merknad til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027 - offentlig høring

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027- Datert 04.04.2017

Revisjontiltak VVA 2017-2027

Hovudplan - avløp kart

Hovudplan vatn - kart

Avtale mellom Lindås kommune og Austrheim kommune om levering av vatn frå Storavatn

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune» med prioritert handlingsplan. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

#### Kommunestyret - 023/17 - 26.04.2017

#### KS - behandling:

Framlegg til tillegg frå gruppearane:

Vatn til Førland blir prioritert når overføringleidningane fram til høgdebassenget er bygd.

Framlegget frå rådmannen med gruppeleiarane sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune» med prioritert handlingsplan. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Vatn til Førland blir prioritert når overføringleidningane fram til høgdebassenget er bygd.

### **Saksopplysninger:**

Kommunestyret gjorde den 16.02.2011 med heimel i plan- og bygningslova si § 11-12 vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune. I samband med oppstart av planarbeidet vart det utarbeidd eit planprogram som vart lagt ut til offentleg ettersyn våren 2012. Saksframlegg (plan datert 25. september 2013) om å senda «*Hovudplan for vassforsyning og avløpshandtering*» til offentleg ettersyn (vedlagt) vart utsatt i formanskapsmøte i møte den 19.06.2013 og i møte 15.01.2014 (saksnr. 135/13 og 012/14).

Planarbeidet med kommunedelplan for vassforsyning og avløp med handlingsplan i Austrheim kommune starta opp att hausten 2016. Austrheim kommune vedtok i møte den 26.01.2017 (saksnr. 015/17) å leggja planframlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 med handlingsplan ut på offentleg ettersyn. Vedtaket vart heimla i plan- og bygningslova sin § 11-14.

Austrheim kommune har eit interkommunalt samarbeid og avtale med Lindås kommune om leveranse av drikkevatt. Den vedlagte avtalen heiter: «**Avtale mellom Lindås kommune og Austrheim kommune om levering av vatn frå Storavatn**». Denne avtalen vart underteikna den 2. januar 1986. Austrheim og Lindås kommuner finansierte på 1980-talet framføring av forsyningsleidning frå Storavatnet i Lindås til Mongstad med 33% støtte frå staten. Austrheim kommune betalte 33% og Lindås kommune 33% av kostnaden.

Fylkesmannen i Hordaland gav den 18.03.1996 utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn i Austrheim kommune. Utsleppsløyvet gjeld for «**Oppsamling, transport, handtering og utslepp av kommunalt avløpsvatn. Handtering av slam og resipientgransking**». Det er og viktig at transport og handsaming av avløpsvatn skjer på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går utover naturen, eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng.

Austrheim kommune er ein del av vassområdet Nordhordaland. Det er sett eit nasjonalt miljømål som seier at alle vassførekomster skal ha god økologisk tilstand i 2021.

Kommunedelplanen skal gjelde i perioden 2017-2027 og vil verta styrande for utbygging av vassforsyninga og avløp i Austrheim kommune framover. Den 02.02.2017 vart planframlegget sendt ut til offentleg ettersyn og annonsert på vanleg måte i lokalavis. Alle kunne lesa om planframlegga på Austrheim kommune si heimeside og på kommunen sitt digitale planarkiv Braplan (<http://braplan.geoweb.no/braplan/>) under planid 2017001. Det var og mogeleg å sjå planframlegga på kommunehuset. Merknadar til planforslaga måtte sendast innan 15. mars 2017 til Austrheim kommune. Det kom inn fire merknadar, to frå private og to frå offentlege instansar. Formannskapet

vart orientert om merknadane i møte den 16. mars og om korleis handsaminga av desse skulle vera, dei syntes det var fornuftig å senda saka direkte til kommunestyret. Meknadane som kom inn var frå:

1. **Mattilsynet**
2. **Hordaland Fylkeskommune**
3. **Olav Jetmundesen**
4. **Førland og Solen Vel**

## **Offentlege merknadar:**

**1. Mattilsynet:** Dei skriv i sin merknad datert den 23.02.2017 at det er kome krav gjeldane frå 1.1.2017 som må takast inn, det er ny forskrift om vassforsyning og drikkevatt (drikkevannsforskriften (FOR-2016 -12-22-1868). Mattilsynet ber Austrheim kommune om å vedta konkret og forpliktande framdriftsplan for å retta feil og manglar ved drift og vedlikehald av vassforsyningssystemet i kommunen. Mattilsynet ber om at tiltaka må tidfestast forpliktande med naudsynt finansiering. Dei viser til pålegg gjeve kommunen den 08.12.2016 og at det er viktig å gjennomføra desse tiltaka som del av det vidare arbeidet med kommunedelplan for vassforsyning. Mattilsynet synes det er nyttig at arbeidet med å få ei sikrere reservevassforsyning for Austrheim held fram. Dei skriv og at det er viktig å prioritera fornying av leidningsnettet.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknad:** Austrheim kommune tek merknaden til etterretning. Innpela frå Mattilsynet vert teke inn i Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 før den vert endeleg godkjent.

**2. Hordaland Fylkeskommune.** Dei skriv i sin merknad datert 14.03.2017 at regionale vannforvaltningsplanar for perioden 2016-2021 blei vedtekne av fylkestinget oktober 2015 og godkjent av Klima- og miljødepartementet 01.07.2016. Planane bestemmer kva som er miljømålet for vannforekomstane i regionen og når desse skal nåast. Fylkeskommune skriv at Austrheim kommune har fått utarbeidd ein god plan der dei tenkjer vasskvalitet og vassmiljø 10 år framover. Fylkeskommune ber oss om å vurdere om ordet vassmiljø skal inn i planen, slik at namnet vert *“Kommunedelplan for vassforsyning, avløp og vassmiljø i Austrheim kommune 2017 – 2027 .“*

Fylkeskommune meiner og at tanken om eit samarbeid med nabokommunane Lindås og Radøy om reservevassforsyning frå Ulvatnet er ein god ide å jobba vidare med i framtida med omsyn på beredskap og sikker vassforsyning. Planen tek også høgde for framtidige klimaendringar vil kunne medføra behov for auka kapasitet og endring av avløpsanlegga. Det er viktig at Austrheim kommune er restriktive med utslepp av kloakk til vassdraga sine. Fylkeskommunen meiner at at Austrheim kommune jobbar etter *«føre var prinsippet»*. Dei skriv at fleire vassforekomstar i kommunen er i dag påverka av tilhøve med tilgroing og oppvekst av blågrønalger.

Hordaland fylkeskommune meiner at når Austrheim kommuna har så mange spreidde avløp krev det at kommunen har godt tilsyn med anlegga for å sjå at dei fungerer slik dei skal og har naudsynte serviseavtalar. Fylkeskommunen har lagt ved ein tabell frå tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland det tiltak for Austrheim kommune er med, den vart vedteken i fylkestinget oktober 2015 og i departementet i juni 2016. Hordaland fylkeskommune ynskte Austrheim kommune lykke til med gjennomføringa av tiltaka i denne gode planen for å nå god miljøtilstand i vassforekomstane sine.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknad:** Austrheim kommune tek med ordet vassmiljø inn

i hovuddokumentet i kommunedelplanen, men me ynskjer ikkje å endra namnet til planen. Det er vurdert å leggja overføringsleidning frå Radøy til Austrheim. Dette interkommunale samarbeidet er satt på vent inntil vidare. Overføringsleidningen vil kunna gjeva tosidig forsyning til Austrheim og vil også styrke kapasiteten og leveringstryggleiken mot Mongstad

Austrheim kommuna har mange spreidde avløp, det gjer at kommunen må ha godt tilsyn med anlegga for å sjå at dei fungerer slik dei skal, og at serviseavtalar på plass. Dette og at det skal lagast lokal føreskrift for separate avløp er teke med i kommunedelplanen sitt hovuddokument. Austrheim kommune er glad for at Hordaland Fylkeskommune synes at me har fått utarbeidd ein god plan for vasskvalitet og vassmiljø. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

## Private merknadar:

**3.Olav Jetmundesen.** Han skriv i sin merknad datert den 12.03.2017 at ved sanering av dei separate avløpa i Nordre Fønnesvågen vil det vere naturleg å byggja nytt mekanisk reinseanegg i Nordre Fønnesvågen med tilhøyrande ny utsleppsleidning ut i Fensfjorden. Han skriv at her bør utsleppa frå avløpa i Kaland/Litlås området også knytast på. Dermed får ein sanert utsleppet til Fønnesstraumen, ein resipient som er sårbar skriv han. Jetmundsen skriv og at «*Tilknytting av nye abonnenter på avløpsiden til Kaland avløpstasjon stanses inntil utslipp er tilfredstillende hva gjelder kapasitet og rensing.(måleresultat) ihht 3.8.5 Dokumentasjon av avløpsanlegg.*»

Olav Jetmundesen tek og opp at det påkviklar Austrheim kommune ei dokumentasjonsplikt i høve til avløp og vassressursar.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknad:** Austrheim kommune vil informera om at det ikkje er mogeleg å klage på ein kommunedelplan, dette Olav Jetmundsen skriv ser me difor på som ein vanleg merknad. Austrheim kommune har som kommentar at utsleppet frå Kaland-krinsen på sikt skal først ut med ny utsleppsleidning i Fensfjorden, dette via eit nytt mekanisk reinseanegg i Nordre Fønnesvågen. Dersom det vert gjort endringar i samband med kommunal utslepp, er Austrheim kommune både søkjar og handsamar av utsleppssøknaden. Overordna målsetjing for avløp i Austrheim kommune er at «*Kommunale avløpssystem skal til ei kvar tid ha god funksjon og standard, slik at avløpshandteringa ikkje er til ulempe for nærmiljø, abonnentar eller driftspersonell. Krav frå styresmaktene som vedkjem avløpshandteringa skal stettast. Det skal ikkje vere konflikt mellom kloakkutslepp og lokale bruksføremål i resipientar.*» Det som Olav Jetmundsen elles tek opp i sin merknad er teke med i hovuddokumentet i kommunedelplanen, men og i den prioriterte handlingsplanen. Austrheim kommune tek merknaden hans til orientering.

**4.Førland og Solen Vel.** Dei skriv i sin merknad datert den 23.03.2017 at dei ynskjer vassleidning til bygdene Førland og Solend. Dei viser til tidlegare skriv og prosessar der dette er teke opp med Austrheim kommune. Mellom anna vart det sendt eit skriv til Austrheim kommune den 03.05.2016 frå Kjell Hope på vegne av nabolaget Førland. Det viser at det er stor interesse for å få kommunalt vatn til husa på Førland. Dette fordi kvaliteten på eige privat vatn er varierende. Om lag 15 husstander skreiv under skrivet «*Tilførsel av vann frå kommunalt vannverk til Førland/Førlandsvågen.*»

Førland og Solen Vel peikar på at det ligg vassleidning fram til Solesjøen i dag. Førland og Solen Vel skriv og at: «*Ein ser positivt på at ein i handlingsplanen går inn for å utbetra gammalt leidningsnett, men det er svært lite utbygging av nytt i planen*». Dei ynskjer å få knyta seg på det kommunale vassverket og ber om at dette vert teke med i handlingsplanen. Velforeninga meiner at ein må ta omsyn til at flest mogeleg av bygdefolket får kopla seg på.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknad:** Det er eit overordna mål at alle i kommunen skal ha tilfredsstillande vassforsyning. Austrheim kommune er glad for at Førland og Solen Vel og innbyggjarane der har kome med ynskje om å få på plass kommunalt vatn. Det er og positivt at mange har skrive under på dette, det viser at godt vatn og god vassforsyning opptek mange i dette området. Den kommunale vassforsyninga skal vera sjølvfinansierande og skal dekkast med vassgebyr. Kostnadar med å byggje ut vatn til stadar der det bur relativt få folk er alltid høg, det viste utbygginga av vatn til øyane. Austrheim kommune synes at erfaringa vår frå vatn til øyane er at det var ei rett og god investering for å få sikra ei god utvikling i bygdene våre. Det å ha godt vatn tryggjar og helsa til dei fastbuande, hyttefolket og dei besøkjande. Det kan verta kostbart både for husstandar og det offentlege å ha dårleg eller utrygt drikkevatt til sine innbyggjarar.

Austrheim kommune vil likevel understreka at det som er viktigaste investeringa først for vassverket vårt no er å få tryggare vassforsyninga. Trygg vassforsyning i samsvar med drikkevattføreskrifta sine krav er grunnleggjande for etablering og utvikling av kommunen framover. Høgdebassenget på Årås dekker forbruket i 10 timer om ikkje tiltak for å redusera vassforbruket vert sett inn. Det er ei utfordring å oppretthalde naudsynt trykk i periodar med større forbruk som for eksempel til hagevatning. Dette medfører at trykket kan synka ned mot null, fordi høgdebassenget på Årås har begrensa kapasitet. Dette er også ein hygienisk risiko med fare for undertrykk/innsug av forurensa vatn i leidningsnett. Hovudoverføringsleidningar frå Litlås (sjøleidningar) er sårbare.

Overføringsystemet for Austrheim vassverk er basert på enkle leidningar utan alternative leveranseveggar som duppleringar eller ringleidningar. Det rimlegaste og beste alternativet til nytt høgdebasseng for å sikra vassforsyninga betre, er ein ny sjøleidning frå Torvneset (Ervik) til Utkilen og vidare ein ekstra sjøleidning frå Utkilen til Mastrevikane. Frå Mastrevikane må det leggjast ein ny landledning til høgdebassenget på Årås. Då vert det to separate vassleidningar til høgdebassenget her. Det er dagens transportsystem av vassforsyning med berre ein sjøleidning frå Kaland-Bakkøyna og vidare med berre ein sjøleidning frå Utkilen til Mastrevikane som gjer heile vestsida av Austrheim kommune veldig sårbar ved leidningsbrot. Dette vil og føra til tryggare vassforsyning for abonnentane på Fonnes. Ringleidning er difor naudsynt for å sikra vassforsyninga til Austrheim kommune. Når dette arbeidet er gjort kan me prioritera kommunalt vassforsyning til Solen og Førland. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering.

## **Vurdering:**

Rådmannen vil peika på at «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune» med prioritert handlingsplan vert Austrheim kommune sitt styringsdokument på VA-området framover. Rådmannen synes at folkehelseperspektivet og omsynet til leverings- og samfunnstryggleik er tydeleg i denne kommunedelplanen. Rådmannen meiner at handlingsplanen med tiltak, kostnadsoverslag og prioriteringar er grundig drøfta i dette planarbeidet. Rådmannen synes det var fornuftig og rett å ta merknaden frå Mattilsynet til etterretning og ta desse inn i kommunedelplanen. Rådmannen vil og peika på at det Olav Jetmundsen tek opp i sin merknad er teke med i kommunedelplanen og i handlingsplanen der. Rådmannen meiner det er viktig å prioritera

tryggare og betre vassforsyning til høgdebassenget på Årås. Rådmannen meiner at når dette arbeidet er gjort kan kommunen prioritera kommunalt vassforsyning til Solen og Førland. Rådmannen sluttar seg elles til Austrheim kommune sin kommentar til merknadane over.

Rådmannen vil peika på at det er viktig å ha ein overordna plan for vassforsyning i Austrheim kommune for å kunna sikra at vassforsyninga er i tråd med «*drikkevannsforskrifta*». Rådmannen meiner at avtalen frå 1986 mellom kommunane Austrheim og Lindås tryggar godt vatn og god vassforsyning til Austrheim kommune framover. Rådmannen vil her visa til punkt 8. i avtalen der det står at om det oppstår det brot på vasstilførsla fram til Litlås pliktar Lindås å utbetra skadane og eventuelt syta for mellombels løysing til skadane er utbetra. Rådmannen vil og peika på om vidare utbygging i Austrheim kommune framover gjer at me treng meir vatn så gjer avtalen under punkt 11. dette mogeleg på ein god måte. Ved auka bassengkapasitet på Litlås får Austrheim kommune førsterett til auka uttak. Rådmannen vil peika på at Austrheim kommune framleis har ubrukt kapasitet i avtalen med Lindås kommune. Desse momenta er teke med i kommunedelplanen på ein god måte, etter rådmannen sin vurdering.

Rådmannen meiner at Austrheim kommune på sikt må vurdere på nytt saman med Radøy kommune ei løysing på reservevassforsyninga. Ein slik overføringsleidning vil kunna gjeva tosidig forsyning til Austrheim og vil også styrke kapasiteten og leveringstryggleiken mot Mongstad i tilfelle noko skjer med vassforsyninga sørover mot Storavatnet. Mongstadområdet har stor betydning for utviklinga i alle kommunane og regionen vil difor ha nytte av at vassforsyninga til området vert best mogeleg. Rådmannen meiner at ein ringleiding mellom Radøy og Litlås vil knytta saman tre vassverk i eit system og auka tryggleiken for alle dei tre kommunane. Rådmannen merkar seg at det er noko Hordaland Fylkeskommune og har teke opp i sin merknad. Rådmannen meiner at kommunedelplanen har teke dette opp på ein god måte.

Rådmannen vil informera om at Austrheim kommune er ein del av Vassområdet Hordaland. Det er sett eit nasjonalt miljømål som seier at alle vassførekomster skal ha god økologisk tilstand i 2021. I tillegg til det arbeidet som vert gjort her skal kommunen gjera lokale tiltak i forhold til vasskvaliteten. Rådmannen vil peika på at i planperioden planlegg Austrheim kommune å flytta utslepp frå Fønnesstraumen til Nordre Fønnesvågen, med utslepp ut i Fensfjorden. Rådmannen ser at Fønnesstraumen har avgrensa vassutskifting og liten kapasitet for å ta imot større mengder avløpsvatn på grunn av tersklar og innsnevringar.

Rådmannen meiner at det på avløpssida i område som fell utanfor tettstadar med offentleg leidningsnett bør utarbeidast ei lokal forskrift for bruk av mindre separate avløpsreinseanlegg. Ei slik forskrift bør etter rådmannen si meining vedtakast av kommunestyret innan 2019. Dette er teke med i kommunedelplanen på ein tydleg måte, etter rådmannen sin vurdering.

Rådmannen synes kommunedelplan med prioritert handlingsplan på ein god måte har fått fram kva utfordringar og kva som må gjerast innafor vassforsyning og avløp i Austrheim kommune i planperioden. Rådmannen rår til at framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027 med prioritert handlingsplan kan godkjennast slik den ligg føre.

## **Konklusjon:**

Rådmannen rår til at framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027 i Austrheim

kommune med prioritert handlingsplan kan godkjennast slik den ligg føre.